

Verksemdsplan Høydalsmo skule

Verksemdsplanen for Høydalsmo skule bygger på Utviklingsmål for Tokke kommune.

Mål I:

Høydalsmo skule arbeider for ei fagleg utvikling hjå elevane slik at dei når kompetansemåla i faga, og har eit særleg fokus på basisfaga norsk, matematikk og engelsk.

Tiltak:

- Det opprettast klare mål innafor basisfaga retta mot grunnleggande ferdigheter
- Tidleg hjelp om desse kompetansemåla ikkje er nådd
- Elevane skal minimum ha to elevsamtaler i halvåret retta mot basisfaga, og på ungdomssteget ei samtale i halvåret i dei andre faga. Det er dokumentasjon for kvar elev i kvart fag i høve utviklingssamtala med klare mål for neste periode
- Ved slutten av kvart semester får elevane i ungdomsskulen karakterutskrift, alle elevar får halvårsvurderingar
- Undervegsvurdering blir bruka aktivt i undervisninga
- Styrking av elevanes leseugleik → dagleg leseøkt på alle trinn
- Lærarar og elevar nyttar pc aktivt i undervisninga
- Skulen jobbar for at elevane blir sjølvstendige i arbeidet sitt
- Skulen har gode rutinar for kartlegging – og nasjonale prøver
- Halvdagsprøver i basisfaga for 6. og 7. klasse etter kvart semester
- Skulen skal ha to fellessamlingar i halvåret kor elevane får høve til å vise fram og opptre
- Utvida leksehjelp. Skulen tilbyr leksehjelp frå 3.-10.klasse

Mål II:

Elevar skal trivast på Høydalsmo skule, og kunne sjå tilbake på tida ved skulen som ei god tid i livet.

Tiltak:

- Ordensreglar som legg til rette for at alle skal ha det bra på vår skule
- Skulen skal ha to fellessamlingar i halvåret kor elevane får høve til å vise fram og opptre
- Me har inneordning for ungdomsskulen
- Gode førebyggjande rutinar mot mobbing
- Godt innarbeida rutinar om mobbing og plaging oppstår
- Innesko- ordning
- Kantine for ungdomsskulen

Mål III:

Barn og unge ved Høydalsmo skule skal oppleve kontinuitet og samanheng i undervisninga og oppveksten.

Tiltak:

- Det er eit aktivt samarbeid og gode rutinar mellom barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, og med føresette
- Det er lagt til rette for samarbeidstid mellom lærarar som jobbar på same trinn og med same fagområde
- Skulen legg til rette for samarbeid mellom skulen og lag/foreiningar i Høydalsmo - t.d. korpset og idrettslaget

Satsingsområde skuleåret 2023-2024

- Null mobbing
- Fagfornyninga med blant anna digital kompetanse, tverrfagleg tema og djubdelæring
- Skulen som samfunnsbygger (MOT) med fokus på praktisk undervisning, motivasjon og støtte frå lærar og føresette (skape GO 'følelsen)
- Visma sikker sak